



Leiinga i indremisjonen ser fram til loppemarknaden. Her står Tormod Myklebust, Jon Harald Kjærland, Inger Anne Leite, Selma Eik og Aud Isaksen Haugland

Laurdag frå kokka 10 til 14 er det loppemarknad i Bedehuset, men det er ikkje noko vanleg loppemarknad. Det er eit flyttesal der mykje av inventaret frå eigedommen Sjølyst blir seld.

Edith og Gunnar Kjærland fekk ikkje på langt nær plass til alt i deira nye bustad i Hagetunet.

Ikkje minst er det mye møblar som inngår i marknaden, til dømes fleire bord med stolar til, sengar, salongbord og kommode. Så er det mykje kjøkenutstyr, dukar, reiskap og ikkje minst bøker,

Her kan ein til dømes sikra seg dei samlade verk både til Falkberget og Hamsun, misjonslitteratur og National Geographic frå 1920-åra. Heile kjellaren og meir til er fylt med loppar og leiinga av Indremisjonen har håpar at mange kjem og kjøpar. Dei vil servera kaffi og lappar.

Og kva skal så inntekta nyttast til? Ho skal nyttast til eit svært godt føremål, fond til ei rullestolrampe ved bedehuset. Ei slik har mangla til no og det er problematisk for funksjonshemma å ta seg inn i og ut av huset.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bord og 6 stolar



Nips til sals i bedehuset